



Samnanger kommune

VEDTEKTER

KOMMUNALE BARNEHAGAR



Vassloppa barnehage



Dråpeslottet barnehage

SAMNANGER KOMMUNE

Datert juni 2018



VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR

§ 1 - FORVALTNING OG FORELDREMEDVERKNAD

§ 1.1 *Eigar*

Samnanger kommune eig og driv Vassloppa barnehage og Dråpeslottet barnehage.

§ 1.2 *Forvaltningsansvaret*

Samnanger kommune har ansvaret for forvaltning og tilsyn med barnehagane.

Samnanger kommune sine barnehagar skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar med forskrift, rammeplan for barnehagen, kommunale vedtak og årsplanar for den einskilde barnehagen.

§ 1.3 *Foreldremedverknad*

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval, jf lov om barnehagar (LBH) § 4

Foreldrerådet er sett saman av foreldre/føresette til alle barna i barnehagen.

Foreldrerådet skal fremja fellesinteressene til foreldra og arbeida for at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. Foreldrerådet har rett til å uttala seg i saker som er viktige for foreldra sitt tilhøve til barnehagen,

Styrar skal i samråd med foreldra kalla inn til konstituerande møte så snart som mogleg etter at barnehageåret har teke til.

Samarbeidsutvalet (SU) for barnehagane er vedteke i oppvekst og omsorgsutvalet, sak 13/05 (jf barnehagelova § 4.)

Kvar barnehage skal ha eit utval som vert valt kvart år og skal ha slik samansetjing:

2 representantar for tilsette i barnehagen valt av tilsette

2 representantar for foreldrerådet barnehagen valt av foreldra

1 representant for kommunen valt av oppvekst og omsorg for valbolken

Einingsleiar har rett til å møte og koma med framlegg.

Einingsleiar er sekretær for utvalet

Samarbeidsutvalet fastset årsplan for den pedagogiske verksemda.

§ 1.4 *Internkontroll*

Kvar barnehage skal ha eit system for internkontroll i samsvar med Forskrift om internkontroll og Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular



§ 2 – FØREMÅL OG INNHOLD

Jf barnehagelova §§ 1 og 2

§ 2.1 Innhald

Oppdatert etter barnehagelova

« Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet.

Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter.

Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.

Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.

Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.

Barnehagen skal ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller.

Departementet fastsetter nærmere regler om barnehagens innhold og oppgaver (rammeplan) ved forskrift.

Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold.

Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalget for hver barnehage fastsette en årsplan for den pedagogiske virksomheten.» (sitat bhg lov)

§ 2.2 Målform

Målforma i kommunale barnehagar er nynorsk.

Jf målbruksplan for Samnanger kommune.

§ 3 – OPPTAKSMYNDE

§ 3.1 Opptaksnemnd

Rådmannen set ned ei nemnd som føretek opptak av barn til

kommunale barnehagar. Nemnda skal vera sett saman av einingsleiar for barnehagane og ass.styrar frå kvar av dei kommunale barnehagane. I tråd bhl §12 skal nemnda gjennomføre eit samordna hovudopptak kvart år med private barnehagar. Einingsleiar er sekretær for opptaksnemnda.

Private barnehagar med kommunalt driftstilskot skal ha felles opptak med kommunale barnehagar To representantar frå den private barnehagen vert med i opptaksnemnda.

§ 3.2 Klageinstans

Samnanger kommune er klageinstans. Klagefristen er 3 veker frå søkjaren mottok melding.



§ 4 - OPPTAK, SØKNAD OG OPPTAKSKRITERIUM

§ 4.1 Rett til plass i barnehage

Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt.

Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.

(sitat barnehagelov §12 a)

§ 4.2 Opptaksområde

Barnehagen sitt opptaksområde er Samnanger kommune. Ved ledig kapasitet og i særskilte høve, kan barn frå andre kommunar få tildelt mellombels plass for eitt barnehageår om gongen.

§ 4.3 Søknad og opptak

Ved søknad om opptak skal søkerar nytta fastlagt skjema. ((digitalt) Attestar må liggja ved når det er nødvendig. Søknadsfrist er 1. mars. Hovudopptaket skjer etter kunngjering i lokalavisa, og på kommunen si heimeside ,og gjeld frå barnehageåret startar ca 1. august. Barn som ikkje får plass ved hovudopptaket, kan stå på venteliste ut barnehageåret

Barnehagen vil ha suppleringsopptak gjennom heile året dersom det er ledig plass.

Einingsleiar tildelar plass

§ 4.4 Brukarane sin ønskjer

Det skal leggest stor vekt på brukarane sine ønskjer og behov ved sjølve opptaket jf.

barnehagelova §12 første ledd . Dersom det ikkje er ledige plassar i dei søkte barnehagane, kan kommunen tilby plass i ein annan barnehage.

§ 4.5 Plasstilbod

Barnehagen gjev tilbod om plass 2., 3, 4, eller 5 dagar i veka. Barna har plassen fram til skulepliktig alder eller til plassen vert sagt opp.

Ved ev. endring av behovet for opphaldstid eller ønskje om annan barnehage, må ein senda ny søknad.

Det er samordna opptak

Dei som ved hovudopptak søker plass i ny barnehage mistar automatisk plassen i barnehagen dei går, når dei får ny plass i 1. prioritets barnehage i vår opptakskrets. Søker kan ikkje halde på fleire plassar samtidig.



§ 4.6 Opptakskriterium

Opptak vert gjort etter følgjande kriterium i prioritert rekkefølge:

Kommunen har ansvaret for at barn med rett til prioritet får plass i barnehage. Jf bhl §13

Prioritet ved opptak

1. Barn med nedsett funksjonsevne og barn som det er fatta vedtak om etter lov om barneverntenester § 4-12 og § 4-4 andre og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage. (jfr bhg§13) .Denne prioriteten gjeld også for barn under 1 år
Dokumentasjon frå sakkunnig instans må stadfeste at barnet har nedsett funksjonsevne
Sakkunning instans er t.d. lege, helsestasjon ,PPT barnevernstenesta eller sosialkontor
Dokumentasjon bør ikkje vera eldre enn 3 månader frå søknaden vert sendt .
2. Barn frå familie som har store belastningar p.g.a, sjukdom eller funksjonshemming hos føresette eller søsken
3. Barn av einslege forsyttarar som er i arbeid eller under utdanning .
4. Barn som har søsken som går i den ønska barnehagen ved oppstartdato
5. Eldre barn går føre yngre barn under elles like tilhøve
6. Omsyn til samansetjing av barnegruppa kan i enkelte høve føre til at yngre barn går føre eldre slik at gruppa vert velfungerande og har god spreing i alder og kjønn.

Dersom to eller fleire barn står likt ved vurdering kan plassar fordelast ved loddtrekning.

§ 4.7 Krav til alder

Opptak i barnehagar gjeld for barn i alderen 0-5 år.

For å kunne søkja barnehageplass må barnet fylle 1 år før 31. desember i opptaksåret ,
Barnet som fyller 3 år i kalenderåret tek opp 2 plassar til og med juli månad. Dei blir rekna som Småbarn ut juli månad,

§ 4.8 Ankeplass

Ein plass for barn frå 0 til og med 3 år og ein plass for barn over 3 år i kvar barnehage skal vere open som ankeplass ved hovudopptaket om våren. Etter handsaming av ev klager i opptaksnemnda tildela desse plassane i samsvar med § 4.7 i desse vedtektene.



§ 5 - OPPTAKSPERIODE OG OPPSEIINGSFRIST

§ 5.1 *Opptak*

Opptak utanom hovudopptaket vert gjennomført etter kvart som det vert ledige plassar i løpet av året. Einingsleiar i barnehagane kan ta opp barn som står på venteliste.

§ 5.2 *Oppseiing*

Oppseiing av barnehageplass skal vera skriftleg, og skal sendast til den aktuelle barnehagen. Oppseiinga må som hovudregel vera komen til barnehagen **innan den 1. i månaden før barnet sluttar**. Dersom ein ønskjer å seia opp plassen til skuleslutt/ sommarferien, er oppseiingsfristen 1. april. Det vert kravt betaling for resten av barnehageåret dersom eit barn sluttar etter 1. mai.

§ 5.3 *Permisjon*

Ein kan i særskilte høve søkja om permisjon og få betalingsfritak frå barnehagen. Det gjeld t.d. ved langvarig sjukdom, svangerskap o.a.. Permisjonen vert avgrensa til barnehageåret. Einingsleiar kan innvilga permisjon.

§ 6 - OPNINGSTIDER OG FERIEAVVIKLING

§ 6.1 *Opningstid*

Den daglege opningstida er frå kl. 7.00 til 16.30.

Barnehagen er stengd helge- og høgtidsdagar og jule- og nyttårsafta. Onsdag før skjærtorsdag stengjer barnehagen kl 12.00

§ 6.2 *Ferie*

Barna skal ha 5 veker ferie gjennom året

Barnehagen er stengd 3 veker om sommaren (veke 29. 30 og 31) og i romjula.

§ 6.3 *Planleggingsdagar*

Barnehagepersonalet har 5 planleggings-/kursdagar i løpet av barnehageåret (jf tariffavtale).

Barnehagen er stengd desse dagane.

Planleggingsdagane reknast som den 5. ferieveka for barna.



§ 7 – FORELDREBETALING

Kommunestyret fastset satsane for opphald i barnehagane etter nasjonale forskrifter. Satsane vert gjort gjeldande frå 1. januar kvart år. Innbetalinga skal skje forskotsvis til kommunekasseraren i Samnanger. Betalingsfrist er den 20.kvar månad Ved manglande betaling vert inkasso og oppseiing av plassen vurdert Kommunen vurderer kvar einskild sak særskilt.

Søskenmoderasjon :

30% for barn nr 2 og 50 % for barn nr 3. .Dette gjeld også når søsken går i ulike barnehagar også den private

Andre moderasjonsordningar

Frå 1. mai 2015 har familiar/ husstandar rett til ikkje å betala meir enn seks prosent av inntekta si for ein barnehageplass. Ordninga med redusert foreldrebetaling i barnehage er søknadsbasert. Det vil seia at familien/ husstanden kan søkja om redusert foreldrebetaling og ikkje noko ein får automatisk. Den nasjonale ordninga for reduksjon i foreldrebetalinga er regulert i forskrift om foreldrebetaling i barnehagar. Betalinga skal bereknast ut frå husstanden sin samla skattepliktige kapital- og personinntekt. Det vert som hovudregel søkt for eit år om gangen. Skjema ligg på Samnanger kommune sine heimesider, og søknader vert sendt til og handsama av NAV Samnanger . Jmf §15 Lov om barnehager og §3 forskrift om foreldrebetaling i barnehagar.

Kommunen skal gje fritak for foreldrebetaling for 20 timar per veke til alle 3, 4 og 5 åringar i hus haldningar med ei samla personinntekt under ei inntektsgrense fastsatt av Stortinget.

Jmf § 15 i Lov om barnehager og § 3 i forskrift om foreldrebetaling

§7.2 Foreldrebetaling

Foreldrebetalinga er fordelt over 11 månader.

Foreldrebetalinga gjeld frå den dato barnehageplassen er tildelt.

Når det er ledige plassar kan kommunen vurderer sal av einskilde dagar. Pris for einskilde dagar er høgare enn for fast opphaldstid. Føresette betalar kostpengar. Dei dekkjer eit brødmåltid , frukt og mjølk . Me serverer eit varmt måltid ein gong i blant når me har kapasitet.

§ 7.3 Overtidsgebyr

Dersom eit barn ikkje vert henta innan barnehagen stenger, vert foreldre/føresette pålagt gebyr for kvar påbyrja time overtid. Storleiken på gebyret vert fastsett av kommunestyret. Det vil verta kravd gebyr kvar gong barnet vert henta for seint . Dersom det føreligg særskilde årsaker til at barnet vert henta for seint kan styrar/ leiar vurderer om krav skal fremjast.

§ 8 - LEIKE OG OPPHALDSAREAL

§ 8.1 Areal

Rettleiande norm for barna sitt leikeareal inne er 4 m² netto pr. barn over 3 år og om lag 1/3 meir pr. barn under 3 år.



Dei kommunale barnehagane i Samnanger har følgjande godkjende areal:

<u>barnehage</u>	<u>alder</u>	<u>areal</u>	<u>plassar</u>	<u>avdeling</u>
Dråpeslottet	0 til 5 år	405,6m ²	80 *	4
Vassloppa	0 til 5 år	753.0 m ²	100*	5 (4 avd, i bruk)

(* kan utvidast)

§ 8.2 Tal plassar i barnehagane

Opptaksnemnda har høve å gjere om talet på plassar innanfor lova sit arealkrav og frå 0-3 år til 3-5 år og omvendt, dersom det er ledige plassar i ei aldersgruppe og venteliste i den andre aldersgruppa. Barn under 3 år opptek to plassar ut juli månad kalenderåret dei fyller 3 år.

§ 9 - PERSONALET SINE PLIKTER

§ 9.1 Avgjerdsmynde når barn er sjuke

Styrar/ einingsleiar / pedagogisk leiar i barnehagen avgjer om eit barn pga sjukdom mellombels ikkje kan vera i barnehagen. Det kan vera av omsyn til barnet sjølv og dei andre barna. Går det lengre tid enn 1 veke, må slik avgjerd takast av lækjar.

§ 9.2 Varslingsplikt

Einingsleiar har ansvar for å varsle lækjar og/eller foreldre/føresette om ulukker, sjukdom og mistanke om epidemiar.

Barn som står i fare for å utvikla eller forverra ei funksjonshemming, skal einingsleiar i forståing med foreldre/føresette meldast til helsestasjon eller PPT.

Er det grunn til å tru at det finn stad barnemishandling, omsorgssvikt eller om eit barn utviklar vedvarande alvorlege åtferdsvanskar, skal personalet av eige tiltak, og utan hinder av teieplikta melda dette til kommunelege 1, eller til kommunen si barnevernteneste. Barnehagepersonalet har også opplysningsplikt til sosialtenesta og barneverntenesta, jfr. LBH §§ 22-23 og LBVT.

§ 10 - Teieplikt

Medlemmer i, opptaksnemnda, samarbeidsutvalet, tilsette i administrasjonen og i barnehagane har teieplikt om saker dei vert kjende med i tenesta, (jfr LBH § 16 og forvaltningslova §§ 13 a-f)

§ 11 - Registreringsplikt

I samband med innføringa av kontantstønad til småbarnsforeldre, har kommunen plikt til å føra registar over barna si avtala opphaldstid i barnehagane. Kommunen har som eigar opplysningsplikt til NAV (Jf LBH §§ 8 a og § 11 a).